



Bakgrunn for vedtak

Regulering og uttak av vatn frå Skogevatnet og Storevatnet til produksjon av settefisk

Solund kommune i Vestland fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Sol Smolt AS
Referanse	202010487-12
Dato	11.02.2022
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Silje Aakre Solheim

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.setjas automatisk inn ved ekspedering

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

1	SAMANDRAG	1
2	SØKNAD.....	2
3	HØYRING OG DISTRIKTSBEHANDLING.....	7
4	NVE SI VURDERING	9
5	OPPSUMMERING	12
6	NVE SIN KONKLUSJON	13
7	FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK.....	13
8	MERKNADER TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSRESSURSLOVA	14
9	ANDRE FORHOLD	16

1 Samandrag

Sol Smolt AS søker etter vassressurslova § 8 om løyve til å regulere og ta ut vatn frå Skogevatnet og Storevatnet. Vatnet skal brukast til produksjon av settefisk. Det er søkt om eit vassuttak på gjennomsnittleg 100 l/s. Det er i tillegg søkt om å regulere Skogevatnet med 1,2 m og Storevatnet med 0,4 m. Det er planlagt å sleppe minstevassføring til utløpselvene. NVE behandlar etablering av nye dammar, regulering, vassuttak, eksisterande røyrgater og veg fram til dammen ved Skogavatnet.

Statsforvaltaren i Vestland har nokre merknadar som gjeld avbøtande tiltak for ål og sjøaure. Dei vil likevel ikkje rå i frå at det vert gjeve konsesjon. **Kjell Audun Hagen** (grunneigar) kjem med ein merknad av privatrettsleg karakter.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Det omsøkte vassuttaket og reguleringane vil føre til produksjon av 1,2 millionar smolt, og sysselsetting i kommunen. Dei største ulempene knytt til tiltaket er etter NVE si vurdering fråføring av vatn på elvestrekninga mellom Skogevatnet og Storevatnet, og på elvestrekninga mellom Storevatnet og sjøen. Med krav til slepp av minstevassføring vil desse ulempene kunne avbøtast i nokon grad. Tidlegare har desse elvestrekningane vorte heilt tørrlagde når magasina vart tappa, såleis er den omsøkte planen ei forbetring i forhold til dagens forhold. Mykje av infrastrukturen er allereie på plass, men etablering av to dammar og ein tilkomstveg vil medføre nye inngrep i naturen. Ei heving av vasstand vil også kunne påverke landskapet.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Sol Smolt AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Storevatnet og Skogevatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

2 Søknad

NVE har mottatt følgende søknad frå Sol Smolt AS den 29.1.2021:

«I forbindelse med planlagt utvidelse fra 500.000 smolt til 1.2 mill. smolt, søker Sol Smolt AS om konsesjon for vannuttak fra og regulering av Skogevatnet og Storevatnet til sitt settefiskanlegg ved Gylta i Solund kommune. Tiltaket medfører etablering av dam i utløpet av begge innsjøene, slik at det kan slippes minstevannføring til begge utløpselvene.

Det søkes etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- Uttak av vann fra vassdraget med mellom $0,075 \text{ m}^3/\text{s}$ ($4,5 \text{ m}^3/\text{min}$) og $0,15 \text{ m}^3/\text{s}$ ($9 \text{ m}^3/\text{min}$)
- Årsgjennomsnitt for uttak vil være $0,1 \text{ m}^3/\text{s}$ ($6,0 \text{ m}^3/\text{min}$)
- Benytte Skogevatnet (innsjønummer 28859) som primærmagasin
- å ta ut inntil $0,1 \text{ m}^3/\text{s}$ fra Skogevatnet
- å regulere Skogevatnet med 1,2 m mellom $LRV = NV = 43 \text{ moh.}$ og $HRV = 44,2 \text{ moh.}$
- slippe minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring på 30 l/s til utløpselven
- Benytte Storevatnet (innsjønummer 28851) som sekundærmagasin
- å ta ut inntil $0,15 \text{ m}^3/\text{s}$ fra Storevatnet
- å regulere Storevatnet med 0,4 m mellom $LRV = NV = 2 \text{ moh.}$ og $HRV = 2,4 \text{ moh.}$
- slippe minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring på 45 l/s til utløpselven
- Det vil bli etablert fiskepassasje for ål i begge dammene og også for sjøaure i den nederste

Nåværende produksjon ved settefiskanlegget er ikke lenger i samsvar med gjeldende konsesjonsdokument og utslippstillatelse, og det planlegges derfor å søke om formell utvidelse av gjeldende tillatelse. Denne søknaden til NVE er første trinn i prosessen med å oppdatere konsesjonspapirene for anlegget.

Anlegget har opplegg for CO_2 -lufting på de største karene, og har tilgang på $6 \text{ m}^3/\text{min}$ med UV-behandlet sjøvann til bruk på den største fisken. Anlegget vurderer også videre utvidelser på sikt, ved økt bruk av CO_2 -lufting, bruk av resirkuleringsteknologi og utvidet bruk av sjøvann, men da innenfor de her angitte rammer for ferskvannsuttak.

Hovuddata for Sol smolt AS

Etter synfaring mottok vi oppdaterte høgdekoter for reguleringane. Det er desse som er vist i tabellen under og som vi vurderer i vår behandling av søknaden.

TILSIG	Hovudalternativ	
Nedbørfelt	km^2	5,9
Årleg tilsig til inntaket	mill.m^3	12,0
Spesifikk avrenning	$\text{l}/(\text{s} \cdot \text{km}^2)$	64,4
Middelvassføring	l/s	400
Middelvassføring tørt år 1993	l/s	280
Alminneleg lågvassføring	l/s	45
5-persentil heile året	l/s	45
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	31
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	84

SETTEFISKANLEGGET

Inntak Skogevatnet	moh.	43
Inntak Storevatnet	moh.	2
Avlaup	moh.	0
Lengde på påverka elvestrekning		
Skogevatnet	m	600
Lengde på påverka elvestrekning		
Storevatnet	m	50
Tal vassleidningar frå Skogevatnet	stk.	1
Lengde vassleidning frå Skogevatnet	m	1000
Diameter vassleidning frå		
Skogevatnet	mm	200
Tal vassleidningar frå Storevatnet	stk.	2
Lengde vassleidning frå Storevatnet	m	20 og 300
Diameter vassleidning frå		
Storevatnet	mm	200 og 355
Maksimalt vassuttak	l/s (m ³ /min)	150 (9)
Gjennomsnittleg vassuttak	l/s (m ³ /min)	100 (6)
Planlagt minstevassføring frå		
Skogevatnet	l/s	30
Planlagt minstevassføring frå		
Storevatnet	l/s	45
Maksimalt tal smolt/fisk	mill. stk.	1,2
Årleg produksjon	tonn	180

MAGASIN SKOGEVATNET

Magasinvolum	mill. m ³	0,09
NV	moh.	43,7
HRV	moh.	44,9
LRV	moh.	43,7

MAGASIN STOREVATNET

Magasinvolum	mill. m ³	0,09
NV	moh.	2,0
HRV	moh.	2,4
LRV	moh.	2,0

2.1 Om søkjar

Sol Smolt AS sin lokalitet Storevatn (lokalitetsnr. 13206, tillatelsesnr. SFSU0010) har hatt konsesjon for produksjon av 500 000 sjødyktig settefisk av aure, laks og regnbogeaure sidan 17. juli 1986. Dei har no søkt om utviding av konsesjonen til 1,2 mill. settefisk. Anlegget har klekkeri og karanlegg på land, med vassinntak frå Storevatnet og Skogevatnet. Selskapet leverer all sin smolt lokalt til Sulefisk AS.


2.2 Grunngeving for tiltaket

Noverande produksjon ved settefiskanlegget er ikkje lenger i samsvar med gjeldande konsesjonsvilkår og utsleppsløyve. Sol Smolt AS søkte i 2017 om utviding av konsesjonen frå 0,5 til 1,2 mill.

settefisk à 150 gram, til saman ein årleg produksjon på 180 tonn. Før fylkeskommunen kan behandle denne søknaden må bruk av ferskvatn avklarast gjennom ei konsesjonsbehandling etter vassressurslova.

2.3 Dagens situasjon og eksisterande inngrep

Sol Smolt AS har hatt konsesjon for produksjon av 500 000 smolt sidan 1986, og hentar vatn frå både Skogevatnet (43 moh.) og frå Storevatnet (2 moh.). Sjå figur 1 under. Magasina er i dag senkingsmagasin utan moglegheit for å demme opp.



Figur 1: Noverande opplegg for uttak av vatn.

Inntaksleidningen i Skogevatnet er vist på figur 2 under. Herifrå går det ein 1000 m lang vassleidning (Ø = 200 mm) ned til anlegget (raudstipla linje i figur 1). Der vert vatnet tilsett slurry og pumpa opp til eit høgdebasseng (ca. 500 m³) på kote 11,5.



Figur 2: Inntak i Skogevatnet

I Storevatnet er det to inntaksleidningar. Frå den eine blir vatn pumpa opp til høgdebassenget gjennom eit 200 mm vassrør (grønstipla linje i figur 1). Den andre leidningen har ein diameter på 350 mm og blir ført rett fram til anlegget (blå stipla linje på figur 1). Framme i anlegget går ein del av vatnet vidare til sjøvasshallen og ein del vert pumpa tilbake opp til høgdebassenget. Røyrleidningane er lagt i grøft i terrenget.

2.4 Teknisk plan

Det skal etablerast nye dammar i begge dei to vatna. På denne måten kan ein demme opp magasinet og ein får moglegheit til å sleppe minstevassføring til utløpselvene også når magasinet er tappa ned. Eksisterande vassleidningar og inntak skal brukast.

2.4.1 Bruk av vatn ved anlegget

Settefiskanlegget er eit gjennomstrøymingsanlegg og planlegg eit vassuttak basert på tilgang til vatn. Det er også moglegheit for inntak av sjøvattn på den største fisken. Det største forbruket er planlagt på seinhausten med inntil 150 l/s. Om vinteren og sommaren vil det vere lite fisk i anlegget og tilsvarande eit lågare forbruk av ferskvatn på inntil 75 l/s. Det er gjennomsnittleg over året planlagt eit vassuttak på 100 l/s. Tabell 2 under viser planlagt vassforbruk gjennom året.

Måned	*Rest i magasin i normalt år 2006 %	*Rest i magasin i tørrår 1993 %	Midlere vannføring normalt år 2006 m ³ /min	Midlere vannføring tørrår 1941 m ³ /min	Midlere vannføring tørrår 1993 m ³ /min	Planlagt vannuttak m ³ /min	Slipp av minste-vannføring m ³ /min
Jan	100 %	100 %	28,47	8,06	40,94	6,0	1,8 / 2,7
Feb	100 %	100 %	21,46	5,62	31,37	4,5	1,8 / 2,7
Mar	70 %	100 %	5,35	11,61	29,31	4,5	1,8 / 2,7
Apr	97 %	85 %	24,25	20,29	12,42	6,0	1,8 / 2,7
Mai	87 %	83 %	9,48	6,39	10,96	6,0	1,8 / 2,7
Jun	77 %	14 %	11,91	5,17	3,71	4,5	1,8 / 2,7
Jul	54 %	70 %	14,98	8,54	10,40	4,5	1,8 / 2,7
Aug	77 %	46 %	6,90	4,82	7,87	6,0	1,8 / 2,7
Sep	74 %	35 %	15,95	6,26	8,35	6,0	1,8 / 2,7
Okt	99 %	41 %	23,23	15,76	10,90	9,0	1,8 / 2,7
Nov	96 %	92 %	56,79	20,77	9,83	9,0	1,8 / 2,7
Des	100 %	97 %	68,16	44,50	25,69	6,0	1,8 / 2,7
Årsmiddel	86 %	72 %	23,89	13,21	16,78	6,0	1,8 / 2,7

Tabell 2: Settefiskanlegget sitt omsøkte vassuttak og planlagt slepp av minstevassføring.

2.4.2 Regulering

Skogevatnet: Oppdemming 1,2 m mellom HRV 44,9 og LRV 43,7 = NV gir ca. 0,09 mill. m³ magasin
Storevatnet: Oppdemming 0,4 m mellom HRV 2,4 og LRV 2,0 = NV gir ca. 0,09 mill. m³ magasin

2.4.3 Overføring

Det er ikkje planlagt overføring mellom vassdrag.

2.4.4 Inntak og vassveg

Sol Smolt har i dag inntak både i Skogevatnet og i Storevatnet. Desse skal brukast vidare. Frå Skogevatnet er ein 200 mm leidning lagt i lausmassegrøft i terrenget ned til Storevatnet og går så gjennom Storevatnet og vidare i grøft ned til anlegget. Frå Storevatnet går det to vassleidningar, ein 200 mm opp til høgdebasseng og ein 355 mm ned til anlegget sitt vassbehandlingsanlegg. Det går såleis tre røyrleidningar frå Storevatnet til anlegget (sjå figur 1 lenger framme).


2.4.5 Veg

Vassleidningen frå Skogevatnet ligg i lausmassegrøft i terrenget. Den eksisterande traseen skal brukast til ein anleggsveg opp til utløpet i samband med etablering av dam. Det er planlagt at denne vegen skal vere permanent også etter at anleggsarbeidet er ferdig.

Dam i utløpet av Storevatnet skal etablerast med tilkomst frå sjø med flåte og eventuelt med bruk av helikopter.

2.4.6 Driftsplan

Noverande driftsplan for anlegget inneber innlegg av rogn i januar og mars. Det første innlegget blir vaksinert i august og levert i perioden september til november. Då er dei 80 til 130 g. Innlegg 2 blir vaksinert i oktober-november og levert i perioden mars-mai. Då er dei 100 til 150 g. Denne driftsplanen fører til størst biomasse i anlegget gjennom haust og vinter, men det blir då samtidig nytta ei betydeleg mengde sjøvatn. Figur 3 under viser biomasse i anlegget gjennom året.



Figur 3: Biomasse i anlegget gjennom året

2.4.7 Vassparande tiltak

I tillegg til uttak av ferskvatn har anlegget etablert eit inntak for sjøvatn. Dette har kapasitet på 100 l/s.

Anlegget er i dag basert på gjennomstrøyming, med enkel CO₂-lufting på dei største kara. Det er planlagt fleire CO₂-luftarar etter kvart. I tillegg skal det etablerast sjøvassopplegg til fleire delar av anlegget enn i dag. Dette vil samla sett gi moglegheit for å spare vatn i tørre periodar.

2.5 Forholdet til offentlege planer

2.5.1 Kommuneplan

Søkar opplyser at området der settefiskanlegget er plassert er regulert til fiskeri i Solund kommune sin kommuneplan for 2008 til 2020.

2.5.2 Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.

2.5.3 Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje nasjonalt laksevassdrag.

3 Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 21.6.2021 saman med representantar for tiltakshavar og fleire grunneigarar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine egne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentlig postjournal og NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Statsforvaltaren i Vestland uttalar følgjande i brev av 9.4.2021:

«Statsforvaltaren vil ikkje rå frå at det blir gitt løyve til regulering og uttak av vatn frå Skogevatnet og Storevatnet i Solund. Vi har nokre merknader som gjeld avbøtande tiltak for ål og sjøaure.

...

Vurdering/merknader

Det er lagt opp til at vandringsveg for ål frå sjøen via Storevatnet og til Skogevatnet, og for sjøaure til Storevatnet. Det bør stillast krav i konsesjonen om bruk av fiskefagleg kompetanse ved detaljplanlegginga, og at tiltaka skal evaluerast for å dokumentere effekten.

Planlagt vassuttak vil redusere vassføringa i elvane, og redusert vassdekt areal og vassvolum kan ha negativ effekt på fiskeproduksjonen. Minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring vil derimot auke dei lågaste og mest kritiske vassføringane gjennom året. I kva grad dette kan oppveie for den negative sida av reguleringa, er vanskeleg å vurdere.

For å kunne vandre frå sjøen og opp til gyteplassane, vil sjøauren vere avhengig av flaumar som er store nok til å ha effekt på vassføringa. Det er vel kjent at gytevandring av sjøaure skjer ved auka/høg vassføring; alminneleg lågvassføring er derimot ei svært låg vassføring som vanlegvis er lite eigna for oppvandring av fisk. Det må føresetjast at sjøauren blir sikra nok vatn i periodar til å kunne vandre mellom Storevatnet/gyteområda og sjøen.

Vi legg til grunn at det blir stilt krav om best mogleg terrengtilpassing og utforming av anlegga, slik at inngrepa i minst mogleg grad vil dominere landskapsopplevinga. Nye

naturinngrep vil vere negativt for landskapsopplevinga og for friluftinteressene. I søknaden er det påpeika at dammen i Skogevatnet kan få ei lita negativ effekt, og vi vil leggje til at dette truleg også vil gjelde anleggsvegen til fram til vatnet.

Vi minner om at vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Vi ber om å få detaljplanen på høyring.»

Kjell Audun Hagen har sendt inn høyringsuttale den 8.4.2021:

Hagen skriv at det privatrettslege mellom Sol Smolt AS og grunneigarane ikkje er på plass.

Søkar har ikkje kommentert høyringsuttalane.

3.1 Tilleggsopplysningar

På synfaringa bad NVE om at alle høgder som er relevante for dei omsøkte reguleringane vart målt inn og sendt inn til oss. Den 9.7.2021 mottok vi følgjande høgdekoter:

Storavatnet

NV 2,0 moh

LRV 2,0 moh

HRV 2,4 moh

Skogavatnet

NV 43,7 moh

LRV 43,7 moh

HRV 4,9 moh

4 NVE si vurdering

Det omsøkte tiltaket gjeld vidareføring og formalisering av vassuttak frå Skogevatnet og Storevatnet. Anlegget er basert på gjennomstrøyming. Det er også søkt om å etablere dam i begge vatn for å kunne demme opp og sleppe minstevassføring til utløpselvene. Vatnet skal brukast til produksjon av 1,2 millionar settefisk. Ein del fysiske inngrep er allereie etablert, men det skal etablerast to nye dammar og ein tilkomstveg til dammen i Skogevatnet.

NVE behandlar vassuttak, regulering, og infrastruktur frå inntak og fram til settefiskanlegget (veg og vassveg).


4.1 Hydrologiske verknader av tiltaket

Settefiskanlegget nyttar eit nedbørfelt på 5,9 km² ved inntaket i Storevatnet og middelvassføringa er berekna til 400 l/s (280 l/s i tørrår). Effektiv innsjøprosent er på 5,2 %. Avrenninga varierer frå år til år med mest avrenning haust og vinter. Lågaste vassføring opptre gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 31 og 84 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 45 l/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 30 l/s frå dammen i Skogevatnet og 45 l/s frå dammen i Storevatnet heile året. Maksimalt vassuttak er planlagt til 150 l/s og gjennomsnittleg vassuttak er planlagt til 100 l/s. I følgje søknaden vil dette føre til at 26,3 % av tilgjengeleg vassmengd vert nytta til produksjon av settefisk. Søkar skriv at utnyttingsgrada er så låg fordi dei siste åra har vore særleg kalde vintrar og tørre somrar som ein må ta omsyn til for å sikre tilstrekkeleg vatn i begge desse situasjonane.

Skogevatnet skal vere primærmagasin og Storevatnet sekundærmagasin. Maksimalt vassuttak frå Skogevatnet er oppgitt til 100 l/s medan det skal kunne takast ut inntil 150 l/s frå Storevatnet.

Det er planlagt å regulere Skogevatnet 1,2 m mellom kote 44,9 og kote 43,7. Storevatnet skal regulertast 0,4 m mellom kote 2,4 og kote 2,0. Dette vil utgjere ein magasinkapasitet på 0,09 mill. m³ i kvart av magasinerna altså 0,18 mill. m³ til saman. Med eit gjennomsnittleg vassuttak på 100 l/s og 45 l/s minstevassføring frå dammen i Storevatnet vil anlegget ha vatn i magasinet til å levere denne vassmengda i ca. 14-15 dagar utan tilsig.

Tiltakshavar oppgir at med det omsøkte vassuttaket og slepp av minstevassføring vil det vere overløp over dammen i Skogevatnet 250 døgn i eit middels år. For Storevatnet gjeld det same i 246 døgn. Magasinkurver for dei to magasinerna viser at omsøkt regulering også i tørre år i stor grad ser ut til å vere nok for den planlagde produksjonen. Som ein kan sjå av figuren under ville ein med planlagt vassuttak vore like under omsøkt LRV i både Skogevatn og Storevatn i den tørre sommaren vi hadde i 2018. Dette må tiltakshavar ta med seg vidare når dei planlegg produksjonen.



Figur 3: Magasinkurve for Skogevatnet (venstre) og Storevatnet (høgre) henta frå søknaden. Kurvene viser tørraste sommar, tørraste vinter og tørraste år sidan 1980.

NVE vurderer at dei omsøkte magasinerna vil kunne gi tilstrekkeleg vatn til ein produksjon av 1,2 millionar settefisk viss tiltakshavar nyttar magasinerna på ein gjennomtenkt måte og har fokus på

vassparing i tørre periodar. NVE vil likevel påpeike at det finnst teknologi som kan nyttast for å produsere meir fisk på mindre vatn, noko som vil vere positivt ut i frå eit samfunnsnytteperspektiv. Ut i frå dei hydrologiske data som er lagt ved søknaden meiner NVE at resirkuleringsteknologi er nødvendig viss det seinare blir aktuelt å auke produksjonen ytterlegare.

4.2 Om rettar knytt til bruk av vatn og magasin

Ein høyringsuttale viser til manglande avtalar eller oppfølging av avtalar mellom Sol Smolt AS og grunneigarar. I høyringsuttalen blir det forventa at slike avtalar skal vere på plass før NVE eventuelt gjev konsesjon. NVE vil presisere at dette er privatrettslege forhold som vi ikkje har anledning til å vurdere. Det er tiltakshavar sitt ansvar å avklare privatrettslege forhold før ein eventuell konsesjon vert teken i bruk.

4.3 Naturmangfald

Det er ikkje gjennomført undersøking av biologisk mangfald i samband med denne søknaden. Informasjon er henta frå søknaden, høyringsuttalar, søk i tilgjengelege databasar, eiga synfaring og erfaringar.

4.3.1 Terrestrisk miljø

Det aktuelle området består i hovudsak av snaumark med lyng og einerkratt, noko barskog/blandingsskog og myr. Ut i frå eksisterande kunnskap kan ikkje NVE sjå at det er gjort registreringar av viktige terrestre naturtypar eller raudlista artar i området. Den planlagde vegen vil føre til eit inngrep i barskog/blandingsskog mellom Skogevatnet og Storevatnet. Ut i frå at det ikkje er registrert viktige terrestre verdiar og det heller ikkje ser ut til å vere stort sannsyn for at slike finnst meiner NVE dette inngrepet er akseptabelt i forhold til naturmangfald. Vi føreset at inngrepet vert gjort med så avgrensa omfang og så skånsamt som mogleg.

4.3.2 Akvatisk miljø

Innsjøar og elveløp er rekna som raudlista naturtypar med status nær trua (NT). Tilbake i 1997 utførte Rådgivende Biologer ei kartlegging av fisk i vassdraget. Det vart då registrert innlandsaure i innløpselvane til Skogevatnet og Storevatnet og i ein kulp mellom desse to vatna. I denne kulpen er det antatt at fisken overlever når Skogevatnet har vore sterkt nedtappa og utløpselva har vore tørrlagt. Utløpselva frå Storevatnet har også oppvandringsmoglegheit for sjøaure. Det er eit temporært vandringshinder for anadrom fisk ved vegbrua like over utløpet av elva som renn inn i Storevatnet. På god vassføring kan sjøaure truleg vandre eit godt stykke oppover elva kor det er fine gyteplassar og oppvekstområde. I Artskart ligg det også registrering av ål i både Storevatnet og Skogevatnet. I den nye raudlista av 2021 har ål fått endra status frå sårbar (VU) til sterkt trua (EN) på grunn av populasjonsnedgang.

Utløpselva frå Storevatnet har eit substrat som består av ei blanding av stor stein med mindre stein og grus innimellom. I følgje Rådgivende Biologer som skriv søknaden gir dette brukbare moglegheiter for gyting og bra oppvekstforhold for sjøaure i elva.

Det skal no byggast dam i begge vatna for å kunne halde att vatn slik at det blir mogleg å sleppe minstevassføring til utløpselvane. Tidlegare har desse elvane vorte tørrlagde når vatna har vore tappa ned. Eit slepp av minstevassføring heile året vil vere med på å gjere forholda for sjøaure og innlandsaure betre enn det er i dag. Statsforvaltaren peikar på at det er positivt at det no er planlagt å sleppe minstevassføring slik at elvene ikkje vert tørrlagte, men at det er behov for meir vatn enn alminneleg lågvassføring for at sjøauren skal kunne vandre opp elva. Dette er NVE einig i, men vi ser av det hydrologiske grunnlaget i søknaden at det i eit normalår vil vere overløp over dammen i Skogevatnet og Storevatnet høvesvis 250 og 246 døgn i løpet av eit år. Dette meiner NVE er tilstrekkeleg for å ivareta vandring av sjøaure i vassdraget. Det er også planlagt passasje for ål forbi

begge dammane og for sjøaure forbi dammen i Storevatnet. Statsforvaltaren skriv i sin høyringsuttale at det bør setjast krav til bruk av fiskefagleg kompetanse ved etablering av vandringsveg for fisk, og at det blir følgt opp i etterkant at passasjen fungerer. NVE er einig med Statsforvaltaren i dette. Med etablering av vandringsveg og slepp av minstevassføring meiner NVE at tiltaket er akseptabelt for ål, sjøaure og innlandsaure.

4.3.3 *Forholdet til naturmangfaldlova*

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om regulering og uttak av vatn frå Skogevatnet og Storevatnet legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 21.1.2022. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Sol Smolt AS sine reguleringar og vassuttak finst det ål (EN), sjøaure og naturtypene innsjøar og elveløp (begge NT). Ei eventuell utbygging av vassdraget vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5 gitt at det vert sleppt minstevassføring til utløpselvane.

NVE har også sett påverknaden frå reguleringane og vassuttaket i samanheng med anna påverknad på naturtypene, artane og økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

4.4 **Landskap, friluftsliv og brukarinteresser**

Storevatnvassdraget høyrer innunder landskapsregion 20 *Kystbygdene på Vestlandet*. Store deler av influensområdet til dei omsøkte reguleringane og vassuttaket er eit typisk kupert kystlandskap med lyng og einerkratt. I desse områda er skog fråverande. Langs elva mellom Storevatnet og Skogevatnet er det derimot ein relativt frodig furuskog med innslag av lauvtre. Ein fin sti følgjer delvis elva og ber preg av å vere noko brukt. Det er ein fin rasteplass ved ein kulp i elva, som er eit fint turmål. Stien går seinare litt vekk frå elva før ein igjen møter den oppe ved Skogevatnet. I søknaden er det opplyst at området er noko brukt til jakt og fiske. Dette vart også stadfesta på synfaringa. I søknaden er det også opplyst at heving av Skogevatnet vil kunne medføre at ferdsel, som i dag skjer langs vestsida av vatnet, kan bli negativt påverka. Søkar meiner det er uproblematisk å etablere ein ny sti litt lenger opp ei terrenget.

Den eksisterande vassleidningen frå Skogevatnet er lagt i terrenget, og den eksisterande traseen for denne vil bli opprusta til anleggsveg som skal fungere som tilkomst til den nye dammen like nedstraums utløpet frå Skogevatnet. Grunneigarane ønskjer å behalde vegen også etter at

anleggsarbeidet er avslutta. Ei oppdemming av Skogevatnet på 1,2 m vil føre til at 2900 m² strandline vil bli lagt under vatn inkludert deler av ei mindre myr i den sørlege enden av vatnet. Ingen merka eller mykje brukte stiar vil bli påverka av dette. I følge grunneigarar på synfaring var det noko ferdsel over den omtala myra, mellom anna i samband med jakt. NVE vurderer at dette vil kunne halde fram også etter ei eventuell oppdemming. NVE kan ikkje sjå at bygging av dam og oppdemming av Skogevatnet skal vere til særleg ulempe for allmenne interesser knytt til landskap, friluftsliv og brukarinteresser viss vegen vert lagt skånsamt i terrenget og ein prøve å behalde den eksisterande stien der dette er mogleg.

Utløpselva frå Storevatnet ligg relativt utilgjengeleg til og er ikkje noko naturleg turmål. Det er ikkje planlagt veg til denne dammen. Den skal byggast med tilkomst frå sjø og ev. helikopter. Storevatnet skal regulerast 40 cm. noko som medfører at eit mindre areal vil verte langt under vatn. Sidan reguleringa er så avgrensa er det lite truleg at dette vil ha nemneverdig påverknad for landskapsbilete.

I Naturbase er nesten heile influensområdet inkludert i eit registrert friluftsområde som er gitt verdi svært viktig. Området er kalla «Gylteskogen». Bruksfrekvens er oppgitt å vere stor. Dette stemmer ikkje heilt overeins med det som er skrive i søknaden og heller ikkje det inntrykket NVE sit att med etter høyringsrunde og synfaring. Stien som nemnt ovanfor ser vi for oss at er noko i bruk av lokalbefolkning, men utover dette opplevde vi landskapet spesielt på damsida av Storevatnet som svært kupert og gjengrodd utan etablerte stiar. Eit større overblikk i Naturbase viser at nærast heile Solund kommune er registrert som viktig eller svært viktig friluftsområde.

NVE kan ikkje sjå at etablering av ein dam og regulering av Storevatnet skal vere til avgjerande ulempe for allmenne interesser knytt til landskap, friluftsliv og brukarinteresser.

4.5 Kulturminne

NVE kjenner ikkje til at kulturminne vert påverka av det planlagde tiltaket.

4.6 Vassforsyning

NVE kjenner ikkje til at det er andre som hentar vatn frå det aktuelle vassdraget.

4.7 Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell regulering og uttak av vatn frå Skogevatnet og Storevatnet som omsøkt vil syte for produksjon av 1,2 millionar smolt og lokale arbeidsplassar. Det omsøkte tiltaket vil gje inntekter til søkar og generere skatteinntekter.

5 Oppsummering

Det omsøkte vassuttaket og reguleringane vil føre til produksjon av 1,2 millionar smolt, og sysselsetting i kommunen. Dei største ulempene knytt til tiltaket er etter NVE si vurdering fråføring av vatn på elvestrekninga mellom Skogevatnet og Storevatnet, og på elvestrekninga mellom Storevatnet og sjøen. Med krav til slepp av minstevassføring vil desse ulempene kunne avbøtast i nokon grad. Tidlegare har desse elvestrekningane vorte heilt tørrlagde når magasina vart tappa, såleis er den omsøkte planen ei forbetring i forhold til dagens forhold. Mykje av infrastrukturen er allereie på plass, men etablering av to dammar og ein tilkomstveg vil medføre nye inngrep i naturen. Ei heving av vasstand vil også kunne påverke landskapet.

6 NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Sol Smolt AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Storevatnet og Skogevatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

7 Forholdet til anna lovverk

7.1 Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

7.2 Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndigheit til å gje vilkår etter forureiningslova.

7.3 Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 8 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vi vurderer som eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Statsforvaltaren høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at ein ikkje med rimelegheit kan oppnå føremålet med inngrepet i form av produksjon av settefisk med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

8 Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

8.1.1 Post 1: Reguleringsgrenser og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	400
Middelvassføring tørrår	l/s	280
Alminneleg lågvassføring	l/s	45
5-persentil sommar	l/s	31
5-persentil vinter	l/s	84
Største vassuttak	l/s	150
Gjennomsnittleg vassuttak	l/s	100

Reguleringsgrenser

Følgjande reguleringsgrenser ligg til grunn for konsesjon gitt av NVE:

	HRV (kote)	LRV (kote)	Reguleringshøgde (m)	Normalvasstand (kote)
Skogevatnet	44,9	43,7	1,2	44,9
Storevatnet	2,4	2,0	0,4	2,0

Tidlegare har magasinane vore brukt som senkingsmagasin. Med etablering av dam vil ein no i staden demme opp og vasstanden vil ligge på eit høgare nivå enn det som tidleg har vore vanleg.

Hydrologiske data viser at anlegget har behov for den reguleringa det er søkt om for den planlagde produksjonen av fisk.

Slepp av vatn

Det blir i dag ikkje sleppt minstevassføring til utløpselvane. Søkar foreslår å sleppe 30 l/s forbi dammen i Skogevatnet og 45 l/s forbi dammen i Storevatnet. Dette vil bli ei forbetring av situasjonen slik den er i dag. Statsforvaltaren peikar på at det er nødvendig med meir vatn enn dette for å sikre at sjøaure kan ta seg opp i vassdraget. Dette er NVE einig i, men vi ser også at det vil vere overløp over dammen i Skogevatnet og Storevatnet høvesvis 250 og 246 dagar i løpet av eit normalår. Dette meiner vi er tilstrekkeleg til å ivareta vandring av sjøaure.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 30 l/s forbi dammen i Skogevatnet og 45 l/s forbi dammen i Storevatnet. Minstevassføringa skal sleppast heile året.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføringa skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal kunne leggst fram på førespurnad frå NVE, og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget ved inntaket er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket.

8.1.2 Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar vassuttak, regulering, etablering av nye dammar, veg til Skogevatnet og eksisterande røyrleidningar.

Detaljerte planer skal leggjast fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt til NVE og vedtak må vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for kva krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Vi viser også til merknadane i vilkår post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak	Eksisterande inntak i Skogevatnet og Storevatnet skal nyttast.
Vassveg	Eksisterande vassveg, som beskrive i søknaden, skal nyttast.
Største vassuttak	Søknaden oppgir 150 l/s.
Gjennomsnittleg vassuttak	Søknaden oppgir 100 l/s.
Veg	Det er planlagt ein ca. 500 m lang tilkomstveg fram til ny dam i Skogevatnet. Denne skal gå i eksisterande trase for vassleidning frå Skogevatnet. Det er tenkt at dette skal bli ein permanent veg. Vegen må tilpassast terrenget så godt som mogleg, og ikkje byggast meir omfattande enn det som er nødvendig for å få nødvendige anleggsmaskiner fram til dammen. Det bør gjerast forsøk på å unngå inngrep i eksisterande sti så godt det let seg gjere. Dammen i Storevatnet skal byggast utan veg.
Fiskepassasje	Det skal etablerast passasje for ål og sjøaure forbi dammen i Storevatnet og for ål forbi dammen i Skogevatnet. Nøyaktig, teknisk utforming for fiskepassasje skal planleggast i samråd med ein fagleg kvalifisert person. Dette kan vere Statsforvaltaren i Vestland. NVE har ansvar for endeleg godkjenning gjennom godkjenning av detaljplanen. Dokumentasjon på at fiskepassasjane fungerer etter hensikt skal leggjast fram for NVE sitt miljøtilsyn etter første driftsår og deretter ved behov.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av

detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

8.1.3 Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

8.1.4 Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

8.1.5 Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

8.1.6 Post 10: Registrering av minstevassføring m.v.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggest fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

9 Andre forhold

Det er påpeika i ein høyringsuttale at rettar i forhold til regulering og vassuttak ikkje er avklara. Dette er privatrettslege i forhold, som NVE ikkje vurderer. Det er tiltakshavar sitt ansvar at det privatrettslege er avklara før konsesjonen vert teken i bruk.